

OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 20.02.03 **Tid:** 09.00-16.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl.1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Ole Totland

I staden møtte:

Olaug Øystese

Andre som var tilstade på møtet: Kommunekasserar sak 10/03

Adm.sjef og ass.adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. februar 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent. Sak 11/03 vart handsama først.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen stilte spørsmål om status for rekruttering i vikariatet til kommunelege 1. Adm.sjefen orienterte om intervju og tilsetjing i løpet av denne veka.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Disponering av nytt næringsfond – kraftfond: Utvalet drøfta saka. Sidan det ikkje er att mykje midlar på dette fondet, vart det bestemt at det ikkje skal lagast egne vedtekter for fondet, men at ein nyttar det ”gamle” næringsfondet sine retningslinjer.

Adm.sjefen la fram i møtet eit notat med kort oppsummering av høyringa om **Framtidig skule og barnehagestruktur**. Administrasjonen ønska signal frå utvalet på kva alternativ som bør utgreiast nærare og kva ”vegval” kommunen vil gjere i framtida. Utvalet drøfta saka, og ho vert lagt fram som eiga sak på neste møte.

Med utgangspunkt i innspel i sist møte i administrasjonsutvalet om kommunen sin personalpolitikk, hadde adm.sjefen sendt ut eit notat til medlemmane om korleis dette kan fylgjast opp. PØ drøfta saka. Det var semje om å arrangera eit møte der medlemmane i administrasjonsutvalet, einingsleiarane og hovudtillitsvalde saman med sentraladministrasjonen såg nærare på tema. Møtet vert halde 31. mars. Opplegget vert som skissert i notatet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0009/03	03/00073	OPPGJER AV BALANSEKONTO FOR HEIME-PC
0010/03	03/00088	BUDSJETTENDRINGAR 2003 DISPONERING AV MEIRINNTEKTER -DRØFTING
0011/03	01/00597	Unntatt offentlighet §6

0009/03

OPPGJER AV BALANSEKONTO FOR HEIME-PC

Framlegg til vedtak::

Det vert gitt tilleggsøyving til å gjera opp på balansekonto for heime PC. Det inneber at kr 34.000 vert utgiftsført på konto nr. 1.3002.2410.2004, inntil kr 20.000 vert utgiftsført på 1.1200.1205.2004. Midlane vert henta ved at konto for tilleggsøyving vert redusert tilsvarande.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert gitt tilleggsøyving til å gjera opp på balansekonto for heime PC. Det inneber at kr 34.000 vert utgiftsført på konto nr. 1.3002.2410.2004, inntil kr 20.000 vert utgiftsført på 1.1200.1205.2004. Midlane vert henta ved at konto for tilleggsøyving vert redusert tilsvarande.

0010/03

BUDSJETTENDRINGAR 2003

DISPONERING AV MEIRINNTEKTER -DRØFTING

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt til drøfting.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka. Det vart ikkje teke stilling i saka, men utvalet signaliserte at det var for tidleg på året til å ta til inntekt varsla meirinntekter frå skatteinntekter inkl. endringar i rammetilskotet. Når det gjeld meirinntektene frå sal av konsesjonskraft, er det semje om at delar av desse må settast av på konto for tilleggsøyving. Saka vert handsama på nytt i neste møte. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vart ikkje teke stilling i saka, men utvalet signaliserte at det var for tidleg på året til å ta til inntekt varsla meirinntekter frå skatteinntekter inkl. endringar i rammetilskotet. Når det gjeld meirinntektene frå sal av konsesjonskraft, er det semje om at delar av desse må settast av på konto for tilleggsøyving. Saka vert handsama på nytt i neste møte.